# Møtereferat

## Møte i prosjektgruppa

| **Møtedato:** | 26.02.2015 | **Møtestad:** | Rådhuset i Førde |
|---|---|---|---|

| **Møtt** | **Ikkje møtt** |
|---|---|
| Anita Eide Kvamme(leiar av gruppa) | Jakob Andre Sandal |
| Erlend Herstad | Anne Margrete Frimannslund |
| Judith Kapstad | Svein Årdalsbakke |
| Håkon Myrvang | |
| Mathias Råheim | |
| Sølvi Iren Søgnen | |
| | |
| Anette Sollid(prosjektsekretariat) | |

| **Møteleiar**: | **Anita Eide Kvamme** | **Møtereferent**: | **Anette Sollid** |
|---|---|---|---|

| Sak nr. | Sakstittel, omtale og konklusjon | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1 | Gjennomgang av referat frå førre møte | | |
| 2 | **Prosjektdirektiv**<br>Det er laga utkast til prosjektdirektiv. Eit overordnahovud og to meir utfyllande direktiv fordelt på tema symbol og identitet.<br><br>Gruppa drøfta kort utkasta. Innhald var greitt, men det vert ikkje avklart før om eit par dgar om grafisk profil skal takast med i prosjektet. Dette vil få verknad for innhald i direktivet knytt til symbol.<br><br>Det var drøftingar på tidslinja i milepælsplanen. Usikkerhet i gruppa om tidsplanen er for stram. Særleg med tanke på ferdig kommunevåpen. Landa på å la tidsplanen stå slik den står, men justere når ein har konkretisert meir. Gruppa meinte det er viktig å ha fokus på målet med arbeidet – kan ikkje ha så stramme fristar at det går på bekostning av involvering.<br><br>Aktivitetar knytt til direktiv på identitet. Gruppa ønskjer å involvere lag og organisasjonar i arbeidet med identitetsbygging. Aktuelle aktivitetar er ikkje | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | konkretisert endå. Det vart drøfta om ein skulle invitere nokre representantar inn på ein idedugnad. Gruppa har også vore inne på tanken å legge ein pott med pengar på bordet og invitere lag og organisasjonar til å skape identitetsfremjande aktivitetar. Gruppa ønskjer at det vert undersøkt om Sparebankstiftainga Song og Fjordane kan vere intresserte i eit felles prosjekt på dette. | | |
| 3 | **Innbyggjar konkunkurranse kommunevåpen**<br>• Det var laga eit utkast til innbygjar konkurrasne på kommunevåpen til møtet – inspirert av Asker kommune.<br>• Drøfta om det er for kort tid for innbyggjarna å delt i konkurrasen om kommunevåpen. Må høyre med skulane kor mykje tid dei treng. Bestemme dato for innlevering etter dialog med skulane.<br>• Drøfta om det skal vere eit symbol – at det ikkje kan vere fleire. Gruppa valgte å ikkje begrense ideane no, så lar det stå ope.<br>• Kan det vere aktuelt å stille ut teikningane? Utstilling? Digitalt? Ha galelri på nettsida? Kino reklame? Skjermar – i kommunalebygg?<br>• Kontakte media og formidle formålet med konkurransen– Kanskje Anita og Sølvi kan få med seg media på skulebesøk?. Halbrend skule?<br>• Gruppa var samde om at sum på 10 000 kroner til ein tilfeldig vinnar kan vere med å auke deltakinga. Vinnaren har oppgeve eit lag, org. eller skuleklasse som pengane går til. | | |
| 4 | **Møteplan for hausten 2018**<br>Kallar inn på møter hovudsakleg nokre måndagar kl. 15 – 16 og etter møtene i fellsnemnda | | |
| 5 | **Verdiar og visjon for den nye kommunen**<br>Gruppa drøfta kort korvidt arbeid med visjon og verdiar skal vere med i arbeidet knytt til identitet. Det kan henge naturleg der, men det kan også henge naturelg til ny leiargruppe, til prosjekt som arbeider med samfunnsplan eller andre administrative prosjekt. Gruppa bad om avklaring på dette før det vert tatt inn i direktivet. | | |
| 6 | **Tema for neste møte**<br>• Konkurranse<br>• Tilbakemeldinga på mandat – grafiskprofil ein del av prosjektet?<br>• Innbyggjarkonkurrasne på kommunevåpen<br>• Konkurransegrunnlag for anbod kommunevåpen og eventuelt grafiskprofil | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 5 | | | |
| 6 | • | | |

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*